

KYRKJEBLAD

B



FULLDISTRIBUSJON

RETURADRESSE:
ASPLI Grafiske
Pb. 113, 6659 Rindal



September 2007

«Jesus sa: Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til.» Mark 10,14

Nr. 4 - 67. årgang



Trusopplæring på fjellet. Foto: Eivind Brandsæter Hvam.

Kyrkjjas trusopplæring

75 % av alle born i Norge blir døypte. Å døypa borna og å læra dei om Jesus, er å la dei koma til han. Det skjer ved trusopplæring i heim og kyrkje.

Kyrkjebok for fireåringar er eit middel for å hjelpa foreldra med trusopplæringa. Utdeling av fireårsbok starta i 1972 og har vorte meir og meir populært. I dag får nær halvparten av norske born fireårsboka ved utdeling på familiegudstenester i kyrkja.

Det er ekstra gledeleg at Møre bispedøme toppar statistikken over antal born som mottok kyrkjebok. 70 % av borna i Møre får bornas kyrkjebok.

Etter kvart får fleire og fleire born også delta på dåpsskule for seksåringar.

Og mange kyrkjelydar har fått midlar til å gjennomføra diverse prøveprosjekt for trusopplæring. Dette året har Rindal, Surnadal og Stangvik vore med på eit slikt prosjekt med produksjon og utdeling av ein DVD om dåpen, omvising i «kyrkja mi» og leirar for forskjellige aldersgrupper på Gråhaugen i Follaldalen.

Kyrkjjas trusopplæringsreform har gjennomgått ein prøveperiode på fem år i 25 % av kyrkjelydane. Frå 2014 skal alle kyrkjelydar i Den norske kyrkja ha organisert trusopplæring for alle aldersgrupper frå 0 til 18 år.



ØRE

Øre - Gjemnes

Kyrjekontoret 71 29 39 00
Telefaks 71 29 38 28
E-post sokneprest: petter.dahle@gjemnes.kommune.no
Biletet: Øre kyrkje

Organistskifte:

Takk til Edvin – Velkommen til Gunnar

Vi har heldigvis vore spart for hyppige organist-skifte i Gjemnes. Edvin Eriksen er framleis ein ung mann, vil vi påstå. Men han har altså klart å vere organist i kyrkjelydane hos oss i 30 år. Det er ein imponerende periode, med utallige timar på galleriet og orgelkrakken. Han har vore med i alle slag kyrkjelege handlingar og gudstenester – han har møtt mange ulike menneske i denne tida – og han har overlevd mange prestar. No hadde han fått nok.

Vi har forståing for at han kan ønskje å prøve noko anna, men vi likar ikkje heilt tanken på at ein så habil organist ikkje skal få utnytte sine ferdigheter.

Edvin har fått takk frå sokneråd og fellesråd for tenesta si i kyrkja. Her vil vi også uttrykke ein stor takk – og ønske vel møtt til vikar-oppdrag!

Ny organist er tilsett. Her snakkar vi heller ikkje om nokon nybegynnar! Gunnar Sødal har spelt orgel sidan han var gutunge, han er vel kjent i kyrkja sine liturgiar og ordningar, og vi veit at han trivst i kyrkja. Dei to siste åra har han vore vikar, og er no fast tilsett i Øre og Gjemnes i 50% stilling. Tilsetjinga vart markert ved ei forbønshandling i gudstenesta i Øre 19. august. Vi ønskjer vel møtt – og Guds signing over tenesta!

Petter Dahle



Edvin blir takka for tenesta. Foto: Arthur Gagnat.



Gunnar ved orgelet. Foto: Petter Dahle.

Sommarkonsert

I Øre kyrkje kunne ein oppleve ein interessant konsert no i august. Kari Greiff Nilsson ville gjerne halde ein konsert i Øre kyrkje. Både ho og familien har sterke band til både Skeidsdalen og bygdene omkring. Sjølv sang ho og spela pino, mannen Bjørn er barytonsangar, og fiolineleven hennar – Marte Norderhaug spela på fela til faren. Dessutan deltok Erik Forstervoll på orgel og piano. Det vart ein fin og munter kveld i kyrkja, med musikk frå klassisk via kyrkjemusikk og opera til folkemusikk. Takk for tiltaket!

Utegudstenester

Både på Ikornneset og Svanavollen vart det gudstenester i år også – med fint ver og svært godt frammøte.



Ei korgruppe deltok på gudstenesten på Ikornneset. Foto: Terje Humstad.

Trusopplæringa: KRIK 11

Gjemnes og Øre kyrkjelydar har vore med på prøveprosjektet med trusopplæring frå første år i 2004. Vi var glade for å bli med frå starten, og mange born har hatt glede av dette tiltaket, som er retta i første rekke mot 11-åringar – seinare også utvida til å omfatte 12-åringar.

Opplegget går ut på at kyrkja sjølv organiserer tiltaket og gjer det kjent, medan vi "leiger" Høgtun folkehøgskule til å drive tiltaket. Dette har vore eit interessant og nyttig samarbeid.

Desse samlingane har ein tydeleg KRIK-profil med vekt på aktivitet og idrett kombinert med andakter/innlegg om aktuelle tema i tida og i kristentrua. Det er også ein verdi i seg sjølv at born på steget til å bli ungdomar får møte vaksne ungdomar og vaksne i eit positivt og uhoøgtideleg miljø.

Vi har gode forventningar til fortsettelsen og vonar samarbeidet med Høgtun kan halde fram.

Kyrkjjenytt

Likestilling

Ei undersøking som avisa Vårt Land har gjort viser at kristne organisasjonar og kyrkjefamfunn ligg heilt på topp når det gjeld likestilling mellom kjønn. Det er berre politiske parti som kjem høgre i andel kvinner som styremedlemar og styreleiarar.

Ekteskapsvigsling

På grunn av kapasitetsproblem skal no kontorpersonale ved sorenskriverkontora kunne gjennomføra borgarleg vigsel. Men dette blir ikkje aktuelt ved kyrkjeleg vigsel. (NTB)

Kyrkjelege vigslar

Andelen kyrkjelege vigslar er redusert frå 85 % i 1960 til 45 % i 2005.



TINGVOLL

Tingvoll - Straumsnes

Menighetskontoret 71 53 03 03
 Telefaks 71 53 12 40
 E-post: post@kirken.tingvoll.no
 Biletet: Straumsnes kyrkje

Gerd Anne Aarset innset som prost i Indre Nordmøre prosti 26. august 2007

Ved kveldmesse i Tingvoll kyrkje søndag 26. august vart Gerd Aarset innset i proste-embetet av biskop Odd Bondevik. Mange av prestane og andre medarbeidarar i prostiet deltok og det store kyrkjekoret fylte det gamle erverdige kyrkjeromet med vakker song under leiing av kantor Tor Strand.

Den nye prosten preika over dagens tekst frå Mark 7,31-37 om at Jesus helbreda ein døvstum mann. Ho sa at vi skal få lytte til kva Gud seier til oss og bruka vår stemme til å forkynna om den oppstadne og levande Kristus til våre medmenneske. Og slik som Samuel i leseteksta frå Det gamle testamen- tet hørde Guds kall, slik kom også kallet til henne til teneste og ho måtte svara: «Her er eg, Herre. Tal, din tenar høyrer.» Det var reint tilfeldig at dette var teksta for den dagen ho skulle starta si teneste som prost.

Biskopen sa i si helsing før innsetjinga at det er avgjerande at evangeliet får lyda. Prestens oppgåve er å vera vegleiar, vi treng å vita kva som er rett og galt, men dersom dette blir alt, kan vi drepa det åndelege livet og hamna i motløyse, hykleri eller åndeleg død. Mest av alt treng vi vegleining til å bli frelst og ha eit liv med Gud.

Etter gudstenesta, der kyrkjelyden også fekk ta del i nattverd, var alle inviterte til flott kyrkjekaffe i menighetshuset. Der var det kaker og helsingar og overrekkjing av velkomstgaver.

Kyrkjerådsleiar Kari Høgset Indergaard helsa frå Tingvoll og Straumsnes sokneråd og håpa Gerd følte at denne dagen var ein velkomstdag for henne og mannen Adam. Ho meinte det var viktig for eit så stort og alvorleg kall at menigheten bar henne og dei



Framme frå v.: biskop Odd Bondevik, prost Gerd Anne Aarset, Kåre Rånes (Tingvoll). Bak frå v.: Helge Storset (Sunndal), Aud Bergheim Kringstad (Neset), Bjørn Hovde (Sunndal), Magne Bjørndal (Rindal), Bård Boye (Sunndal), Erik Blomstrøm (Halsa). Foto: Adam van der Velde.

tilsette fram for Gud, slik at ho som prost og dei tilsette rundt om kunne kjenna at dei stod saman om dette, i djup bøn og ved å nytta høva ein har til å styrkja kvarandre. Så den kristne arven kunne berast fram. Soknerådsleiareren gav prosten ei historisk bok av skulesjef Martin Langvik, så ho kunne kjenna fortida for å ta eit godt grep om notid og framtid.

Biskopen poengterte i si helsing at det er mykje som er forandra etter den nye teneste-

ordninga for prestar og prost, sidan forrige prost vart tilset. No skal prosten bruka meir tid på prostearbeidet og koma meir ut i prostiet med pastoralt leiarskap.

Ordførar Kristin Sørheim ynskte den nye prosten velkomen som prost og sambygding til ein kyrkjestad som står på solid grunn. Det har vore både tingstad og kyrkje frå gammel tid. Det seier at vi skal ta vare på trua og rettferda med eit klårt standpunkt i verdispørsmål. Det er bra om kyrkja kan vera klår i sin tale på område som asylsaker og økologi, sa ordføraren, ut frå at Tingvoll både er ein økokommune og ein kommune med asylmottak. Ho meinte det var viktig med eit godt samarbeid med kyrkja, som dei har hatt i div prosjekt. Prostten fekk ei ferdakorg med lokale bøker og anna utstyr til å ha med på vegen.

Prost Aarset sa dei følte seg fantastisk privilegerte som skulle få gjera teneste på ein slik plass og bu i eit slikt hus som den gamle prestegarden.



Leiaren i Straumsnes sokneråd las kallsbrevet frå biskopen. Foto: Adam van der Velde.



Hyggeleg og fin kyrkjekaffe etter gudstenesta. Foto: Adam van der Velde.



SUNNDAL

Hov - Romfo - Øksendal - Ålvundeid

Menighetskontoret 71 69 26 11
 Telefaks 71 69 25 44
 E-post: ekspedisjon@sunndal-kirke.no
 Bildet: Middelaldarkrusifiks, Romfo kyrkje

Kveldssong på Leikvin



Sokneprest Bjørn Hovde og kyrkjelyden i Leikvin kapell. Foto: Ingunn Karijord.

I sommar har det, tradisjonen tru, vore fleire kveldsgudstenester i kapellet på Leikvin i Sunndal på fredagskveldane. Aftensongsamlingane er korte, berre ein halvtimes tid, og har mest fokus på song og bøn.

Kapellet er lite og intimt, og har ei svært rik historie. Det var lady Arbuthnott si veninne, mrs. Couchrane, som fekk satt opp kapellet. Den eldste gjenstanden i kapellet, er eit krusifiks som truleg er frå 14-1500-talet. Mykje anna i kapellet vart henta over frå den gamle Løykja kyrkje, bygd ein gong på 1600-talet.

Aftensongliturgi

I følgje sokneprest Bjørn Hovde, står det nedfelt ei ordning for aftensong i prestane si liturgibok, og det er denne ordninga som vert brukt her.

– Det var i si tid den tidlegare museumsstyresaren Erling Torske som fekk satt i stand

kapellet, og då ville han at Hov kyrkjelyd skulle bruke det. Då tenkte eg at det kunne høve godt til slike aftensongsamlingar, fortel Hovde.

Dette er no minst ti år sidan, og sidan starten har samlingane gått etter same mønster.

– Når ein ser på kven som kjem til desse aftensongsamlingane, er det ofte ei viss fast kerne, og så er det gjerne nokre sommarturistar som vil ha med seg eit besøk på Leikvin, fortsett Hovde.

Klosterlivtradisjon

Hovde fortel vidare at aftensongen er ein svært gammal tradisjon, og er i stor grad knytt til klosterlivet.

– Munkane hadde forskjellige tidebøner, og aftensongen hadde si tid når kvelden var på tur å komme.

Vi var til stades på ei av dei siste kveldsgudstenestene, og det er Bjørn Hovde sjølv som leier kyrkjelyden i song og bøn.

Kveldssola sender sine siste strålar inn vindauget i det vesle kapellet då presten stemmer i med den første salmen. Så går det vidare med bibelsk salme, kor det er veksellesing mellom prest og kyrkjelyd, og mellom menn og kvinner.

Dagens bibeltekst er henta frå Apostlanes gjerningar 7 om Guds basunar, før Marias lovsang blir framlesen som veksellesing.

Tid for å sende eigne bøner til Herren er det og, før samlinga vert avslutta med velsigninga.

Ingunn Karijord

Hov kirke: Festkonsert

Søndag 30. september blir det festkonsert i Hov kirke til inntekt for barnehjemsbarn i Moldova. Det blir et flott og variert program med innleide strykere og lokale solister. Konserten er finansiert av Sunndal Sparebank, Statnett, Storvik m.fl. Publikum oppfordres til å gi en skikkelig gave ved inngangen til bedring av sanitærforholdene for barnehjemsbarn i Moldova.

Norske kroner kan utrette mye i denne sammenheng.

Helge Storset



1. pinsedag – konfirmasjon og dåp i Romfo

Det var ein flott dag med mykje festkledd kyrkjegjengarar som var med og gjorde gudstenesta til ein fest. To konfirmantar frå i fjor stod og ønska folket velkomen med flagg. Dei gjekk også først inn i prosesjon. Etter dei kom konfirmantane, prest og dåpsfølget. To flotte jenter vart konfirmert og to flotte jenter (tvillingar) vart døypte. Gudstenesta starta med dåp og dåps-handlinga vart repetert ved konfirmant-handlinga seinare i gudstenesta. Tenk også at det var pinsedag – å få følgje to små born til dåpen denne dagen er stort.

Mari Anne Gram Eggestøl Husby



Malin Lehne, bore av Siri Renate Kjørsvik, Anneli Lehne, bore av Lillian Lehne Nilsen, sokneprest Helge Storset, konfirmantane Dagrún Aarnes Nisja og Linda Drege Solheim. Foto: Gunn Signe Aarnes

2. pinsedag

2. pinsedag, måndag 28. mai, var det gudsteneste i den gamle skolen i Hafsås. Her kom folk frå Sunndalsøra, Gjæra og Oppdal. Etter gudstenesta delte ein både kaffi og kaker. Dette er ein flott tradisjon. I år var det ganske mange tilstades og til neste år satsar vi på endå fleire.

Mari Anne Gram Eggestøl Husby

Fellesmøte

Lørdag 29. sept. kl.17.00 - Fellesmøte på Grøa bedehus v/ Normisjon. Kvartett, solosong, bevertning.

Anfin Skaaheim

besøker Sunndal og deltar ved gudstjenesten i Hov kirke søndag 28. okt. kl 11.00 og ved møter i kirka fredag og lørdag kl 19.00 og på sangmøte søndag kl 15.00, der også kor fra Melhus blir med. Fredag blir det sang av Ryssan fra Oppdal.



Gudstenesta har inga hensikt

Mange av dei som les kyrkjebladet har også lest ei bok av Rick Warren: "Måltret liv." Det står mykje godt i den boka, men sjølve tittelen skurrar for meg. Heile tankerekkja i boka byggjer på at alt må ha ei hensikt og ei mening. Kvifor gjer du dette? Spør vi, og ventar på ein god grunn, ei forklaring som helst skal handle om at eg vil oppnå eit eller anna positivt. Eg trur at jaget etter hensikt og mening er eit slaveri som vi kan sleppe.

Filosofen og naturvernaren Arne Næss, som også var ein ivrig fjellklatrar, vart spurt: "Kvifor byrja du å klatre?" "Kvifor slutta du?" spurte han tilbake. Vi klatra som born. Vi gjorde mykje anna også. Vi vaksne har funne på eit namn på det: Leik. Snusfornuften er usminka i den gamle skulesongen "Mot i brystet": "Bare lek, ja, men av den skal fremtidskrefter vokse, derfor er det alvor i vår lek i dag." Som om "fremtidskrefte" er viktigare eller betre enn leiken!

Eg vil ikkje prøve å definere leik, men nemne to deilige sider ved leiken: 1: Han er utan formål. 2: Han varer til han er ferdig. Og når er leiken ferdig? Kanskje når han blir kjedeleg, eller når vi skal noko anna. Bibelen brukar ordet leik om livet på jorda:

3 Mos 11: *Dette er lova om dyra og fuglane og alt liv som leikar i vatnet, og om alle dyr som det kryr av på marka.*

Etter tradisjonen er gudstenesta "den heilage leiken". Den dagen vi lagar gudsteneste for å oppnå ei hensikt, har vi mist taket på leiken for Guds åsyn. Misjonsmøte har ei hensikt: Vi vil vekkje interesse for misjon, samle inn pengar til misjon. Vekkingmøte har ei hensikt: Vi vil nå menneske med evangeliet, vekkje trua, kalle til omvendning. Bibeltimar har ei hensikt: Vi vil auke kunnskapen om Guds ord. Men gudstenesta har inga anna hensikt enn seg sjølv: Leiken for Guds åsyn, vi tilbed Han, vi dyrkar Gud. Spør meg ikkje: "Kva vil du oppnå med denne gudstenesta?" Eg vil ikkje oppnå noko som helst. Eg berre fortset det eg gjorde som barn: Leike, klatre, synge og spele, danse og drøyme.

Nokon har fått for seg at gudstenester bør vere korte. Har born nokon gong sagt til kvarandre: "Kom, så leiker vi ein kort leik!" Det finst to grunnar til at tanken om den korte gudstenesta har oppstått: 1: Nokon har tenkt at gudsteneste er noko vi *må* gjere for å oppnå noko. 2: Nokon har opplevd at ei gudsteneste vart kjedeleg før ho var slutt.

Når leiken er kjedeleg er han slutt.

Omtrent same tankegangen kan vi finne når nokon meiner at det vi gjer i kyrkja skal vere "enkelt". Det enkle er ikkje alltid det beste! Når det gjeld gudsteneste er det enkle ofte det *lettvinde*. Det lettvinde sømer seg ikkje i Guds hus! Dessutan er det lettvinde oftast kjedeleg. I min praktiske kvardag er eg svært glad i snarvegar og enkle løysingar. Det er når målet er viktigare enn veien. Har born nokon gong sagt til kvarandre: "Kom, så leiker vi ein enkel leik!" Nei, leiken må vere så vanskeleg at han utfordrar meg, at eg må lære noko eller lære *bort* noko. Leiken er ikkje lettvinde. Leiken har sin eigen verdi, difor er det heilt uinteressant om han er enkel eller ikkje. Det er også uinteressant kor lenge han varer, for han varer til han er ferdig.

Difor må vi ikkje søkje enkle løysingar i Guds hus. Vi må arbeide grundig og nøye og gje *kvarandre* høve til å arbeide grundig og lenge, slik at leiken kan vere spennande, engasjerande, ærleg, ja slik at vi knapt kan vente til neste søndag!

Kom, lat oss *leike* for Guds åsyn!

Bjørn Hovde

Fellesråd med velferdstur

Sunndal kirkelige fellesråd inviterte alle sine tilsette på stabstur til Veøya 18. august. Diverre var mange forhindra den dagen, men dei som vart med, fekk ein fin tur.

Sagaøya Veøy ligg midt i Romsdalsfjorden, og var eit sentrum i området i fleire hundreår. Dagen på Veøya starta med gudsteneste i steinkyrkja frå middelalderen, ei av mange kyrkjer som har stått på øya. Denne kyrkja var soknekyrkje for Veøy sokn heilt fram til 1907, då den nye Veøy kyrkje vart bygd på Sølsnes. Den alltid veltalande Bjørn



Vi går om bord på Nesjestranda. Foto: BH.

Austigard frå Romsdalmuseet fortalte oss om kyrkja og det særmerkte skrifthuset som har bevart knefallet for dei skriftande.

Etter kyrkebesøket serverte fungerande kyrkjeverje Ildri kjempegod gryterett. Så fekk vi den sjeldne og spektakulære opplevinga å komme inn i prestegarden under god vegleiing av Bjørn Austigard. Prestegarden ber no preg av at han lenge var i privat eige. Det var familien Coucheron Aamot som eigde denne fram til han vart gjeven som gåve til Molde Kommune, og no blir teken vare på av Romsdalmuseet.

Det var underleg å vandre omkring i det stille og idylliske landskapet og tenkje på

at dette ein gong var ein levande by med mange hundre innbyggjarar. Det er no også lagt til rette for pilgrimsvandring omkring på øya. Dette vart ikkje utnytta av oss, av di det var nokså ruskete ver.

Marie Hovde skyssa oss trygt over fjorden med seglbåten Lazy. For dei mest interesserte vart det også høve til ein frisk seilas rundt heile Veøya.

Ein slik uforpliktande stabstur er opplagt eit flott velferdstiltak som tener til å bygge opp staben. Vi gler oss til neste gong!

Bjørn Hovde



Litt trongt, men god mat! Nils Ingar Drøpping, Marie Hovde, Bjørn Hovde, Bård Boye, Julia Langsjøvoll, Arne Magne Johannessen. Foto: BH.

Sitat

«Underet i mitt liv er at troens språk traff min historie. Å tro på Gud gir livet en sammenheng. Mennesket er ikke livets eneste herre. Det er noe som er viktigere enn oss. Gi Gud det som Guds er.

Frelse er å bli avlastet min synd. Å bli tilgitt, å ikke være alene om å bære ansvaret for livet mitt, men at det er Gud som har det siste ordet.» Trygve Wyller, dekanus ved Det teologiske fakultet ved Universitetet i Oslo.

Neste nummer kjem 1. november. Frist for innsending av stoff er 1. oktober.

Gudstenester i Indre Nordmøre prosti



Høyr kor kyrkjeklokka lokkar med ein høg og heilag klang

21. september – fredag

Stangvik kyrkje kl. 19:00 Konsert Gloucester Cathedral Choir.

23. september – 17. s.e. pinse

Preiketekst: Joh 11,17-27.37-44

Valsøyfjord kirke kl. 11:00 Familiiegudstjeneste ved Einy Rendal Elgsæther. Høsttakkefest. Utdeling av 4-årsbok. Takkoffer til menighetsarbeidet.

Rindal
Stangvik kyrkje kl. 11:00 Konfirmanthelg på Søvassli. Gudsteneste. 50-årskonfirmantar. Presentasjon av konfirmanter. Venås. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet

Hov kirke kl. 11:00 Storstet. Takkoffer. 50-årskonfirmantfest.

Ålvundeid kyrkje kl. 11:00 Hovde. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet. Hausttakkefest, utdeling av 4-årsbok og NT.

Ranes kyrkje kl. 11:00 Familiiegudsteneste. Utdeling av biblar. 50-årskonfirmanter. Hvam. Takkoffer til trusopplæringsprosjektet

Straumsnes kyrkje kl. 11:00 Gerd Anne Aarset. Nattverd. Takkoffer til Norges Samemisjon, Møre og Romsdal krets.

Tingvoll kyrkje kl. 16:00 Gerd Anne Aarset. Hausttakkefest. Utdeling av bok til fireåringar. Takkoffer til Søndagsskulane i Tingvoll sokn.

Øre kyrkje kl. 11:00 Hausttakkefest. Dahle. Utdeling av bok til 4-åringane. Smak av markens grøde.

26. september - onsdag

Øye kyrkje kl. 19:30 Kveldssong. Aarset og Hvam. Vigsling av kyrkjegard. Kyrkjekaffe.

30. september - 18. s.e. pinse

Preiketekst: Mark 2,18-28

Halsa kirke kl. 11:00 Familiiegudstjeneste. Lene Gåsvatn. Høsttakkefest. Utdeling av 4-årsbok. Takkoffer til Halsa korvettlag

Rindal kirke kl. 11:00 Gudstjeneste. 50-årskonfirmanter og presentasjon av konfirmanter. Bjørndal. Takkoffer til menighetsarbeidet.

Åsskard kyrkje kl. 11:00 Hausttakkefest. 50-årskonfirmanter. Presentasjon av konfirmanter. Venås. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet

Hov kirke kl. 11:00 Storstet. Nattverd

Romfo kyrkje kl. 11:00 Hovde. Nattverd. Takkoffer til Romfo søndagsskule

Øksendal kyrkje kl. 11:00 Boye. Takkoffer til Kyrkjebladet. Konfirmanntfest. Konsert.

Hov kirke kl. 18:00 Familiiegudsteneste. Utdeling av biblar.

Mo kyrkje kl. 11:00 50-årskonfirmanter. Hvam.

Tingvoll menigh.hus kl. 20 Hyggekveld med Tingvoll kyrkjekor.

Gjemnes kirke kl. 11:00 Høsttakkefest. Dahle. Konfirmantpresentasjon. Utdeling av bok til 4-åringane. Takkoffer til menighetsarbeidet. Kirkekaffi.

3. oktober - onsdag

Todalen kyrkje kl. 19:30 Songkveld. "Petter Dass-kveld."

7. oktober - 19. s.e. pinse

Preiketekst: Mark 12,28-34

Halsa
Rindal kirke kl. 11:00 Ingen gudstjeneste. Høymesse. Nattverd. Bjørndal. Takkoffer til Sjømannskirken.

Øvre Rindal kapell kl. 20:00 Minikonsert. Orgelmusikk av bl.a. Buxtehude.

Stangvik
Hov kirke kl. 11:00 Inga gudsteneste. Hovde.

Ålvundeid kyrkje kl. 20:00 Hovde. Nattverd. Takkoffer til Solhøgda.

Øye kyrkje kl. 11:00 Familiiegudsteneste. Utdeling av biblar. Hvam. Takkoffer til Redd Barna.

Tingvoll kyrkje kl. 11:00 Kåre Rånes. Takkoffer til Kirkens SOS, Møre og Romsdal.

Straumsnes kyrkje kl. 15:00 Kåre Rånes. Hausttakkefest. Utdeling av bok til fireåringar. Straumsnes barnegospel. Takkoffer til Norsk søndagsskoleforbund, M og R krets.

Straumsnes menig.hus kl. 16 Haustfest med servering, basar og underholding.

Øre kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Dahle. Takkoffer til Normisjon

11. oktober - torsdag

Åsskard kyrkje kl. 19:30 Kveldstonar. Takkoffer til Kyrkjemusikkarbeidet.

14. oktober - 20. s.e. pinse

Preiketekst: Mark 2,1-12

Valsøyfjord kirke kl. 11:00 Gudstjeneste med nattverd ved Jan-Fredrik Laskerud. Takkoffer til menighetsarbeidet.

Øvre Rindal kapell kl. 11:00 Gudstjenestelig møte. Jon Amundal. Takkoffer til Norges Samemisjon.

Todalen kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Venås. Takkoffer til Kirkens Bymisjon.

Gjøra kapell kl. 11:00 Hovde. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

Hov kirke kl. 11:00 Boye. Nattverd.

Kyrkjelydshuset Skei kl. 11:00 Gudstenesteleg møte. Normisjon.

Tingvoll kyrkje kl. 11:00 Gerd Anne Aarset. Nattverd. Takkoffer til Tibetmisjonen.

15. oktober – måndag

Tingvoll menig.hus kl. 19:30 Temakveld ved Magne Bergslid.

21. oktober - 21. s.e. pinse

Preiketekst: Mark 10,2-9

Halsa
Rindal kirke kl. 19:30 Ingen gudstjeneste. Tomasmesse. Nattverd. Bjørndal. Takkoffer til TV-aksjonen, Unicef.

Stangvik kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Venås. Takkoffer til Misjonsprosjektet.

Hov kirke kl. 11:00 Storstet. Takkoffer. Utdeling av 4-årsbok.

Øksendal kyrkje kl. 11:00 Boye. Takkoffer til Nordmøre Søndagsskolekrets. Utdeling til 4-åringar og 5-åringar.

Ålvundeid kyrkje kl. 11:00 Hovde. Takkoffer til Kyrkjebladet.

Ranes kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Hvam. Takkoffer til TV-aksjonen, Unicef.

Straumsnes kyrkje kl. 11:00 Gerd Anne Aarset. Nattverd Takkoffer til IKO - Kirkelig pedagogisk senter.

Øre kyrkje
Sjå nærare kunningjering!

24. oktober - onsdag

Øye kyrkje kl. 19:30 Kveldssong. Bjørndal og Hvam. Kyrkjekaffe og smakebitar frå keltisk tradisjon på Kyrkjelydshuset.

28. oktober - Bots- og bededag

Preiketekst: Dan 9,15-19

Halsa
Rindal
Stangvik kyrkje kl. 16:00 Ingen gudstjeneste. Menighetshelg på Vassbotten.

Hov kirke kl. 11:00 Tonekveld. Stangvik kyrkjestad 600 år. Boye. Anfin Skaaheim preker. Nattverd Takkoffer til Normisjon.

Øye kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Hvam. Takkoffer til Misjonsprosjektet

Tingvoll kyrkje kl. 11:00 Gerd Anne Aarset. Takkoffer til Det teologiske Menighetsfakultet.

Gjemnes kirke kl. 11:00 Høymesse. Dahle. Takkoffer til Kirkebladet. Kirkekaffi.

DØYPTE — VIGDE — DØDE

Døypete

HALSA

10.06 Katrine Urheim Vullum
 10.06 Synne Taknes Kanestrøm
 10.06 Terje Sinnes
 10.06 Julie Wethal Halse
 01.07 Mali Aunebakk Hyldbakk
 12.08 Sandra Rolland Skrøvseth
 VALSØYFJORD
 05.08 Marte Bolme Stokke
 RINDAL
 10.06 Magnus Øyen
 24.06 Kasper Flåtten
 15.07 Andreas Aandstad
 15.07 Marianne Slettvang Løkås
 15.07 Christina Garnica Üblacker
 05.08 Maia Fridtjofsen Berge
 18.08 Nathalie Nilssen Nordlund
 STANGVIK
 20.05 Frøya Brennskag-Dorsin
 27.05 Christian Einar Romundstad Pedersen
 27.05 Inger Emilie Grøtan Øye
 17.06 Finn Isak Talgø-Hjellegjerde
 26.08 Enya Kvande
 26.08 Ane Myrbostad
 TODALEN
 22.07 Nora Kårvatn
 ROMFO
 27.05 Malin Lehne
 27.05 Anneli Lehne
 15.07 Markus Edvard Warde
 22.07 Margrete Romfo Sollie
 22.07 Matilde Louise Gikling Meineche
 HOV
 27.05 Sandra Emilie Kulstad-Sommervold
 27.05 Gabriel Belsvik Ødegård
 27.05 John Ranheim Johannessen
 (Døpt i Kapellet på Leikvin)
 03.06 Askil Mæland
 10.06 Simen Gussiås
 17.06 Odd Ivar Leangen Kristiansen
 01.07 Andrine Frantzen (Døpt i Odda kirke)
 08.07 Stine Wirum Solli
 15.07 Nicklas Rodal Reinset
 (Døpt i Kapellet på Leikvin)
 22.07 Ingvild Irene Palto Værnes
 ØKSENDAL
 27.05 Erling Husby Rød
 ÅLVUNDEID
 28.05 Hannah Semundseth Innerdal
 28.05 Frida Fredsvik Husby
 17.06 Ingeborg Breien Børset
 17.06 Vilde Kivijärvi Hals
 15.07 Emil Warmøy
 29.07 Jona Sirnes (Døpt i Innerdalen)
 ØYE
 03.06 Darina Kirienko Ellevset
 RANES
 17.06 Jarand Husby Haugen
 17.06 Markus Svendsli
 17.06 Jørgen Mikkelsen
 17.06 Solveig Toset Møkkelgjerd
 17.06 Lukas Husby
 15.07 Christina Garnica Üblacker
 (døpt i Rindal kirke)
 05.08 Anitra Sveen Finnvik
 MO
 24.06 Odin Sjøflot Moen
 22.07 Lea Stavik Heggset
 22.07 Knut Anders Harang Berset

12.08 Patrick Raszeja Moen
 (døpt på Røstasetra)
 12.08 Anna Tomine Elshaug-Heggset
 (døpt på Røstasetra)
 STRAUMSNES
 24.06 Are Magnus Skorgen
 24.06 Alva Kanestrøm
 22.07 Tuva Sponås
 05.08 Lukas Solem
 TINGVOLL
 28.05 Ela Resell
 10.06 Una Eriksen Nastad
 10.06 Aurora Birkestøl
 17.06 Gibril Leon Wågbo Ndiaye
 01.07 August Wasserfall Bårdsen
 01.07 Ragna Fjellengen Røttingsnes
 01.07 Sara Røskar Reed
 15.07 Sverre Aksnes Stølan
 12.08 Nataniel Tørlenn
 GJEMNES
 27.05 Ingeborg Didriksen Stokke
 ØRE
 28.05 Sander Sæther (døpt i Nesset)
 24.06 Ole Marius Astad
 24.06 Noah Frantzen Nygjerde
 24.06 Ellen Solenes
 08.07 Ella Mari Arvesen Lie
 08.07 Angelica Holten
 05.08 Maya Cecilie Pazqualli Ranheim
 19.08 Ørjan Angvik Astad

Vigde

HALSA

23.06 Gunhild Elise Engeset og
 Kristian I. Megård
 11.08 Kristin Kvande og Mats Erik Betten
 18.08 Marita Swensen og Einar Vaagland
 RINDAL
 18.08 Marit Nergård og Håvard Norli
 TODALEN
 26.05 Laila Kvendset og Knut Jarle Bergli
 28.07 Randi Elisabeth Halset og
 Frank Pedersen
 ÅSSKARD
 25.08 Rita Torild Holten og
 Gøran Settemsdal
 ROMFO
 21.07 Anja Kvarsvik og Eivind Asbakk
 HOV
 20.06 Rita Storholt og Øyvind Ulleland
 (Viet i Kirketunet kapell)
 07.07 Vibeke Dørhellen og Stian Tangen
 07.07 Ann Iren Kvamme og
 Svein Egil Husby
 14.07 Randi Lindvåg Grønseth og
 Øystein Botnvik
 17.07 Jessica Ryann Muhu og Frank Vedal
 28.07 Ragnhild Megård Flaa og
 Lars Åge Sandvik
 ØYE
 07.07 Liv Dalsegg og Sverre Fiske
 27.07 Sara Wiola Elisabeth Henninen og
 Geir Brauten
 28.07 Ingunn Foss og Jørgen Brekke
 STRAUMSNES
 30.06 Oddny Ulset og Per Arne Hagfors
 11.08 Elisabeth Sandvik og Jan Erik Aasen
 TINGVOLL
 18.05 Marit Aasprang og
 Jo Inge Hammervold

07.07 Britt Anita Warvik og
 Sebastian Braeuning
 07.07 Iren Midnes og Odd Rune Bergem
 14.07 Marie Ange Niyonkuru og
 Bernhard Bergsli
 04.08 Cecilia Mary Baker og Olav Husby
 GJEMNES
 14.07 Kristin Søvik Syltesæter og
 Kjetil Strømø Hatteland
 11.08 Torild Wormdal Stølan og
 Johan Utby
 18.08 Randi Elisabet Størvik og
 Svein-Arild Punnerud
 18.08 Hilde Hannah Merethe Buvik og
 Alex Barnett
 ØRE
 16.06 Knut Ingvar Furset og Irene Huse
 04.08 Marit Flemmen Vaagbø og
 Jan Øyvind Skogvoll
 04.08 Edle Iren Gjøen og Kåre Helgheim
 11.08 Siv-Bente Silset og Bent Njøten

Døde

HALSA

22.05 Einar Røed f. 1935
 12.06 Petter Karlsvik f. 1914
 26.06 Solveig Andrå Vullum f. 1920
 02.08 Einar Sæter f. 1932
 VALSØYFJORD
 22.05 Gerda Sæterbø f. 1920
 14.06 Jon Noralf Hestnes f. 1927
 12.07 Olaf Aalmo f. 1920
 RINDAL
 16.05 Einar Tiseth f. 1953
 19.06 Margit Trønsdal f. 1928
 19.06 Edvin Opøien f. 1935
 25.06 Ola J. Løseth f. 1924
 11.07 Lars O. Bjørnås f. 1922
 19.07 Marit Bakk f. 1917
 12.08 Anne Kari Bagøien Møkkelgård
 f. 1970

STANGVIK

08.06 Else Marie Kvande f. 1936
 06.07 Ann Jorid Gjeldnes f. 1956
 13.07 Gustav Stenberg f. 1913
 TODALEN
 23.05 Maria Ansnes f. 1923
 01.06 Gunnbjørg Brusset f. 1925
 18.06 Gunnar Øyen Ansnes f. 1921
 12.07 Olav Peter Moe f. 1918
 ÅSSKARD
 07.08 John Smiseth f. 1922
 HOV
 04.02 Geir Årdal f. 1958
 28.04 Helga Hals f. 1917
 06.05 Tordis Dorthea Ørstad f. 1914
 08.05 Olav Røe f. 1924
 12.05 Aslaug Nordhus f. 1911
 13.05 Sigfred Malvin Lien f. 1923
 19.05 Else Melkild f. 1939
 30.05 Brit Trøen f. 1924
 04.06 Kåre Båtnes f. 1922
 31.05 Sverre Olav Søvik f. 1929
 14.06 Jan Ove Kalvik f. 1960
 19.06 Lars Gudmund Auran f. 1941
 26.06 Hildur Brussethaug f. 1942
 24.06 Dagny Almhjell f. 1920
 30.06 Aud Hildur Gikling f. 1953
 03.07 Monika Rødset Hammer f. 1972

Forts. fra side 7

Døde

- 06.07 Olaf Romfo f. 1923
 10.07 Else Dørhellen f. 1923
 14.07 Jenny Elfrida Sande f. 1916
 14.07 Gerd Mignon Elgsaas f. 1927
 14.07 Tor Inge Bersås f. 1973
 19.07 Ingvald Johan Johansen f. 1942
 21.07 Selmer Arnt England f. 1921
 24.07 Gunnhild Rotlid f. 1918
- ØKSENDAL**
 21.05 Mary Kristine Skrondal f. 1922
- ÅLVUNDEID**
 15.06 Olav Ulvund f. 1917
 02.07 Hermann Alfred Brekken f. 1920
 22.07 Ingvald Mo f. 1911
- ØYE**
 12.05 Kåre Ingolv Børra f. 1936
 30.05 Rolv Mikkelsen f. 1941
 14.06 Anne Marie Heggset f. 1958
 24.06 Johannes Sjøflot f. 1916
 06.07 Gudrun Kosberg f. 1916
 07.07 Laura Honstad Rusten f. 1917
 14.07 Gjertrud Aune f. 1924
 05.08 Ola K. Langli f. 1914
 16.08 Margit Vattøy f. 1924
- RANES**
 25.06 Ellen Marie Aas Fiske f. 1944
 01.07 Ove Løseth f. 1915
 03.07 Martinus Sæter f. 1911
 04.07 Sivert Holten f. 1942
 12.07 Leiv Mausef f. 1931
 28.07 Bjarne Nordvik f. 1936
 31.07 Lars P. Mogstad f. 1915
 05.08 Margrethe Øiehaug f. 1917
- MO**
 12.05 Nils Sæter f. 1924
 09.07 Johanna Aunebakk f. 1931
- STRAUMSNES**
 18.06 Laura Margrete Grimstad f. 1912
- TINGVOLL**
 14.05 Asbjørn Grimsmo f. 1915
 23.05 Margrete Holmeide f. 1917
 03.08 Maggie Sollie f. 1915
 06.08 Erna Eline Kamsvåg f. 1935
- ØRE**
 12.05 Svein Arne Harstad f. 1979
 27.07 Steffen Sæthre Eikenæs f. 1922
 02.08 Astrid Astad f. 1911
 03.08 Maggie Ovidie Sollie f. 1915
 (gravlagd i Tingvoll)

Sitat

«Det skjønneste et menneske kan oppleve, er å bli stilt overfor det ufattelige.»
Albert Einstein

«Den som ikke frykter Gud, har grunn til å frykte alt. Men den som frykter Gud, har intet å frykte. Frykten for Gud kan ha vært opprinnelsen til visdommen, men frykten for mennesket var opprinnelsen til mord.»

George Benhard Shaw

Folket bøyer kne!*Andakt ved Bård Boye*

Det er mange som står frem i dag og hever sin røst i media og på andre arenaer. Det er politikere og ledere av ulike typer. Det er historiske autoriteter. Det er religiøse profeter av alle slag. Vi trenger ledere. Vi trenger at folk tar ansvar. Samtidig ser vi at ingen får vår fulle tillit. Vi ser at autoriteter feiler, ledere faller og prester synder.

Men tydeligere og tydeligere vil det bli at det er en røst som skiller seg ut fra alle andre. Den er god, den er varm, den er fullkommen, den er djerv. Det finnes ingenting urent i den. Det er fordi han som taler, kommer fra Ham som er kilde til alt

godt. Det er fordi han som taler, er satt av Ham til å være herre over oss alle. Han blir kalt kongenes konge, herrenes herre, lederens leder... Ingen når opp til ham, verken Muhammed eller engler, presidenter eller helgener, Lyst eller Rikdom. Folket kommer til å se Jesus Kristus. Folket kommer til å bøye seg for ham, følge ham, holde seg til ham, lytte til ham og elske ham tilbake igjen. De skal finne ham og samtidig finne livet som aldri kan dø.

”Jesus Kristus! Jeg bøyer meg for deg i dag og kaller deg min Herre og min Gud!”

**Anne Kari Bagøien
Møkkelgård til minne**

Det var trist å få beskjeden om at Anne Kari måtte gi opp kampen mot kreften 12. august.

Anne Kari ble ansatt som diakonileder i Rindal, Stangvik og Surnadal i august 2002. Anne Kari kom som et friskt pust inn i staben. Med stort engasjement og pågangsmot tok hun fatt på arbeidet som diakonileder. Hun utførte arbeidet sitt på en profesjonell, god og ryddig måte. Anne Kari var lett å samarbeide med og lett å bli glad i. Hun spredte glede og trivsel overalt hvor hun kom og det var alltid et oppmuntrende ord og tid for personer som falt litt utenfor. Hun har fått bety mye for mange, både som kirkens tjener og som kollega og venn.

Gjennom arbeidet sitt kom hun i kontakt med mange mennesker i alle aldre. Spesielt vil mange huske henne for tida i Yngres og i arbeidet med konfirmanter, minilysmesser og HVPU-gudstjenester. Anne Kari hadde også faste treff og andakter på institusjonene våre, hun ledet diakoniarbeidet i sokna og var aktiv i husstyret for kyrkjelydshuset. Hun hadde også et engasjement i bispedømmets diakonale arbeid, der hun deltok i ulike arbeidsgrupper.

Anne Kari var aktiv på mange arenaer. I tiden før hun ble ansatt i diakonilederstillingen var hun fellesrådsleder i Rindal og var en drivkraft i arbeidet med organisasjonsutvikling i kirken. Hun var med i arbeidsgruppen som satte i gang samarbeidsprosjektet mellom fellesrådene i Rindal og Surnadal. Hun var med og utviklet kirken slik at den skulle stå bedre rustet til å nå ut i dagens samfunn. Det siste året brukte hun mye tid nett-



Anne Kari deltok som tekstleser på gudstjeneste i Mo kirke sommeren 2006. Foto: Bernt Bøe.

opp på dette å nå nye generasjoner med opplæring i det kristne budskapet. Hun var prosjektleder for et felles trosopplæringsprosjekt i de sju sokna i Rindal og Surnadal. Den siste arbeidsdagen, 4. mars, ble avsluttet med styringsgruppemøte i trosopplæringsprosjektet. Selv om hun hadde smerter gjennomførte hun møtet. ”Det største av alt” skulle gå sin gang. Slik opplevde vi Anne Kari som medarbeider, hun ga alt for det hun hadde tro på.

Anne Kari har betydd mye for oss, både faglig som en støttende kollega og som venn.

Anne Kari etterlater seg et stort savn i hverdagen både hos oss i staben og menighetene. Våre tanker går til de nærmeste, John Bendik og foreldre og søstre. På tross av at Anne Kari bare fikk 37 år, satte hun dype spor etter seg. Vi er dypt takknemlige for at vi fikk ha henne i blant oss.

Fred over Anne Karis minne.

Ingeborg Nordlund Trond Erik Hvam



HALSA

Halsa - Valsøyfjord

Soknepresten 71 55 96 38
 Kirkekontoret 71 55 96 39
 E-post kirkeverge: kirkeverge@halsa.kommune.no
 Bildet: Halså kirke

Lyset som er sterkere enn lys

Mennesket har vært et religiøst vesen i 70.000 år. Det er nå bevist. I Sør-Afrika er det funnet og avdekket en offerplass, brukt av mennesker, stadfestet til å være 70.000 år.

Med kristendommen, som vi har hatt i over 2000 år, kom LYSET, lyserer enn lys, inn i våre liv. Det er det lyset vi kan vandre i når vi har vår kristne tro.

Kunstarter og kunstuttrykk har til alle tider vært knyttet opp mot religion, for vår del de siste 2000 år, altså kristendommen.

Musikk, ord eller bilder presenterer det blide LYSET for oss når vi er oppmerksomme på dette, både i små og store verk som er myntet på vår oppmerksomhet som hele mennesker.

Dette er uttrykksmåter vi kan øse av. Kunstnere (les: mennesker) dekker dermed andre menneskers behov. Slike uttrykksformer gir LYSET til hver og en for den som vil ta imot dette i sin hverdag og til fest.

Har en først oppdaget dette, er det en følgesvenn hvor man enn går. Ta imot, og LYSET, lysere enn lys, vil du da finne i de mest dagligdagse og trivielle situasjoner.

Gled deg over dette! Jeg tror og mener at det er *det* som er meningen fra vår skaper.

Eldrid Dyrset, inspirert av et bilde signert Elin Anita Aasland på Liatun helsehus, Vågland

Gravferdssongar og -musikk

Ei gravferd i kyrkja er ei kyrkjeleg handling med dei rammer som det gir. Det er ikkje alt av song og musikk som høver i ei kyrkjeleg gravferd. Dette skjønar nok dei fleste, men somtid blir det konflikt mellom familien og kyrkjas tilsette. I dei fleste kyrkjer er ein t.d. svært restriktiv til å spela musikk frå ein CD. Det kan lett bli eit framandelement som bryt med det som er nært og levande her og no. Ein lokal songar som syng i gravferda gir ei anna oppleving. Gravferda er kyrkjas ansvar, og det er prest og kantor som skal godkjenne eller ikkje godkjenne song og musikk til gravferder. Men ofte blir salmane tekne ut i samråd med ein gravferdskonsulent som har ei godkjent liste over vanleg brukte salmar. Ein kan også bruka songar utanom salmeboka, men dei må ikkje bryta med kyrkjas budskap. Dersom det blir brukt solosong utan kristent innhald, blir det gjerne lagt saman med minneorda, som ei personleg helsing frå familien, men det skal også godkjennast. Ynskje om spesielle musikkstykke blir oftast imøtekome ved at organisten spelar dette før den kyrkjelege handlinga tek til. Det er vanleg praksis i vårt distrikt med dempa musikk 10-15 min. førut. Mange ynskjer kjente salmar, for da blir det meir song, men det har også vore ein tendens til meir variert utval, noko som både prest og gravferdskonsulent kan hjelpa med. Det er kanskje dumt dersom enkelte salmar blir knyta så sterkt til gravferd at dei ikkje kan brukast elles.

ERE

Søndagsskolen

Talet på frivillige leiarar i Norsk Søndagsskuleforbund auka i fjor med nær 5 % - frå 6.028 til 6.259. I 2006 vart det starta 102 nye søndagsskular. Over 25.000 born er betalande medlemmar i søndagsskulen tilknyta Norsk Søndagsskuleforbund.

Det nye formidlingsopplegget «Sprell levende» har virka positivt.

Nyttig bok i trusoppplæringa

«Arvegull - Dåpsbok for foreldre»
 Jorun E. Berstad Weyde - IKO forlag.
 Vakkert illustrert. God innføring i grunnlaget for dåp, tru og kyrkjeliv.

Dåpsklubben Tripp Trapp

– utgitt av IKO (Institutt for Kristen Oppseding) ved Den norske kyrkja, fleire kristne organisasjonar og Den Evangelisk Lutherske Frikirke.

- Er eit tilbod for born i alderen 0-12 år. Medlemspakker i posten tre gonger i året. Bøker, musikk og hjelpestoff.
- Gir borna del i gode tradisjonar knyta til kveldsbøn, helg og høgtid
- Gir borna eit møte med bibelforteljingar og med gamle og nye songskattar
- Gir borna positive haldningar og verdier.



Vikar

Jan-Fredrik Laskerud, Sunndalsøra, er vikar for soknepresten noen uker i høst. Einy Rendal Elgsæther og Lene Gåsvatn vil også ha noen tjenester i den perioden soknepresten er borte.



Jan-Fredrik Laskerud. Her reklamerer han for den nye 4-årsboka som han har skrevet. Foto: SB.

Kyrkjenytt

Kyrkjemedlemar

Etter opprydding i medlemsregisteret for Den norske kyrkja, var det ved nyttår oppført 82,9 % av befolkninga som medlemmar i statskyrkja, mot 84,9 % eit år tidlegare. Vel 67.000 har vore dobbeltført. Grunnen til medlemskaoset er den opprinnelege måten registeret har vore ført på. Enno veit ein ikkje sikkert om nokon er oppført utan å høyra til. Alle som er i tvil, bør sjekka om ein urettmessig står i medlemsregisteret, ved enkelt å kontakta kyrkjekontoret.



SURNADAL

Øye - Mo - Ranes

Kyrjekontoret 71 65 70 60
 Telefaks 71 65 70 61
 Sokneprest Stangvik 71 66 33 30
 E-post kyrkjeverje: ingeborg.nordlund
 @surnadal.kommune.no
 Biletet: Ranes kyrkje - Stangvik kyrkje



Ny døypefont

Mo sokn har skaffa seg eit heilt spesielt tillegge til kyrkjeutstyret, ein døypefont med mugge og fat i naturmateriale til bruk ved friluftsgudstenester på Røstasetra i Vindøldalen.

Den vakre naturforma døypefonten er laga av poppel, mugga og fatet av bjerk. Gudmund Fiske har utforma døypefont og mugge. Nøstingen til mugga er laga av John Dønheim og fatet er dreid av Per N. Reiten. Alt tilhøyrer Mo kyrkje.

Det nye utstyret vart teke i bruk søndag 12. august da to små born vart borte til dåpen ved den tradisjonelle friluftsgudstjenesta som har vore halde i hevd frå 1998. Det har etter kvart vorte lagt svært godt til rette for gudstjenester på Røstasetra av Elisabeth og Erik Moen i samarbeid med soknerådet. Og det er alltid mykje folk, også om det regnar,



Den nye døypefonten er laga av poppel, mugga og fatet av bjerk. Foto: ERE.

noko som ikkje er så farleg etter dei fekk det gode taket over gudstjenesteplassen. Sokneprest Trond Erik Hvam sa han blir meir og meir glad i desse gudstjenestene. Og mange set pris på trekkspelmusikk til salmane ved Eistein Bæverfjord.

ERE

”Truskap i 150 år”



Barnekoret deltok på jubileumsgudstjenesten. Foto: ERE.

Helga 25.-26. august ble det markert at Rindal kommune og Rindal prestegjeld er 150 år. Det ble ei flott jubileumshelg med ulike arrangement. Søndag var det festgudstjeneste i Rindal kirke med mange medvirkende. Prester med ulik tilknytning til Rindal var invitert, Marit Løfaldli, barnekoret og kirkecoret deltok i gudstjenesten.

Ved et jubileum er det naturlig at en kaster blikket bakover, men dette var ikke

det eneste som sto i sentrum denne dagen. Ønsket om at nye generasjoner skal føre arven videre ble understreket. I gudstjenesten var det dåp, barnekoret deltok og det var søndagsskole for barna under deler av gudstjenesten. Takkofferet gikk til trosopplæringsprosjektet. På kirkecaffen var det god anledning for gjestene til å hilse på gamle kjente.

Jubileumshelga ble avsluttet med konsert i Rindal kirke. Henning Sommerro, Edvard Hoem, John Pål Inderberg, Jorunn Lovise Husan, Kor Gøytt og Rindal kirkekor presenterte flott musikk, godt samspill, humor og ord til ettertanke: ”... truskap er like viktig som kjærleik.”

Kanskje er ”truskap” et godt ord for å karakterisere rindalingen gjennom 150 år?

Synnøve Bjørndal



Svein Forsberg trakk fram gode minner fra prestedida i Rindal. Foto: SB.

RINDAL

Områdestevne

Søndag 23. september er konfirmanter på leir på Søvassli. Da er det ikke gudstjeneste i Rindal. Det Norske Misjonsselskap inviterer til områdestevne i Rennebu med gudstjeneste i Rennebu kirke kl. 11 og misjonsfest i Berkåk menighetshus kl. 14. Påmelding til middag til Kjellaug Foseide.

Sangkveld

Tirsdag 2. oktober kl. 19.00 blir det sangkveld i Rindal bedehus. Rindal barnekor og Rindal kirkekor deltar. Det blir servering og utlodning.

Minikonsert i kapellet

I forbindelse med at det er 300 år siden den tysk/danske komponisten Dietrich Buxtehude døde, blir det minikonsert i Øvre Rindal kapell søndag 7. oktober kl. 20.00. Arne Martin Aandstad spiller orgelmusikk av bl.a. Buxtehude.

Rindal sokn 150 år

Menighetsskolen har temakveld torsdag 18. oktober kl. 20.00 i Lomunda Grendahus. Denne kvelden får vi eit lokalhistorisk tilbakeblikk ved Bernt Bøe med overskrifta: ”Profilar i historisk halvlys.”

Tomasmesse

Velkommen til tomasmesse i Rindal kirke søndag 21. oktober kl. 19.30. Det blir en gudstjeneste med vekt på stillhet, bønn og musikk. Ungdomskoret deltar.

STANGVIK

Petter Dass-kveld

med korsong og kåseri blir det i Todalen kyrkje onsdag 3. oktober kl. 19.30.

Åsskard Kyrkjekor

feira tonekvelden ”Kunst og romantikk” med bryllaupsmusikk og Kallakåseri 23. august. Ny musikkveld blir det torsdag 11. oktober. Koret er allsidig, men lite – og ønsker nye songarar vel møtt! Interesserte kan kontakte Kari Sæther (7166-2915) eller Bernt Bøe (7166-2814).



Foto: BB.

STANGVIK

Stangvik - Todalen - Åsskard



RINDAL

Rindal sokn

Menighetskontoret 71 66 47 55
Telefaks 71 66 47 01
E-post kirkeverge:
ingeborg.nordlund
@rindal.kommune.no
Bildet: Rindal kirke

Keltisk fromhetsliv

Temakveld 24. oktober

I oktober får vi besøk av domprost Øystein Bjørdal. Han vil være med oss under kveldssongen i Øye kyrkje **onsdag 24. oktober kl 19:30** og senere forflytter vi oss til Kyrkjelydshuset hvor det blir servering, samt at domprosten vil gi oss smakebiter fra den keltiske kristne tradisjonen. Vi tror dette blir en interessant kveld. Interessen for det keltiske, eller irske, har blitt stor i landet vårt. Vi kan tenke på irske folkesanger, irske bønner, klosteret Iona i Skottland og klosteret i Lindisfarne som de også etablerte. Vi snakker om kristenlivet slik det utfoldet seg i disse områdene fra 500-600 tallet. Lindisfarne og kristenlivet som var der, var nok et av de første inntrykkene vikingene fikk av kristendommen. Nå ser det ut som mange er på vei tilbake for å hente inspirasjon fra det keltiske tros livet. Kirken i England er for tiden både interessant og lærerik å studere, der den er i ferd med å stake ut en ny kurs



Domprost Øystein Bjørdal besøker Surnadal 24. oktober. Foto: TEH.

med hensyn til hvordan de skal nå de mange som vokser opp uten kjennskap til Jesus. Den keltiske tradisjonen influer sterkt på veivalgene som de nå gjør. Derfor gleder vi oss til å høre domprosten fortelle mer om denne tradisjonen og hva keltisk fromhetsliv innebærer.

Trond Erik Hvam

Gloucester Katedralkor til Stangvik

- Gled dykk til enda ei stor koropleving! seier organist Bernt Bøe i Stangvik. Ikkje før har etterklangane av Moskvapatriarkatets Mannskor lagt seg, så kjem eit av Englands flottaste gutekor på besøk.

Gloucester Cathedral Choir konserterer i samband med Kristiansund Kirke Kunst Kultur-Festival og gjestar Stangvik kyrkje fredag 21. september kl. 19. Laurdag syng dei i Molde Domkyrkje og søndag i Nordlandet kirke i Kristiansund.



Slik ser dei ut – kom og hør dei også!

- Den engelske gutekortradisjonen er ein kultur som overgår det meste med si himmelske skjønnhet, seier Stangvikorganisten. Han er glad for samarbeidet med Peder Rensvik og KKKK-festivalen som gjer slike konsertbesøk muleg. God respons er viktig for å utvikle samarbeidsmodellen: – Her bør vi gå mann av huse for å ta til oss av ein sjeldan rikdom. Ikkje minst kan slike konsertar anspre lokale songarar til ny innsats!

Gutekoret i Gloucester-katedralen har sine røter på 100-talet, vart nyorganisert av kong Henrik 8. i 1539, syng framleis dagleg til gudstenester i kyrja, er ofte i radio og på TV – og har nettopp sunge inn sin nyaste jule-CD.

- Og det vi får høre? Vakker og klangrik musikk i engelsk og fransk katedralstil. Og som ein juvel oppi det heile Edvard Griegs vidunderlege "Ave maris stella".

BB

Minnegåve

Takk for gåva på kr. 5.250 til Åsskard kyrkje ved gravferda til John Smiseth.

Åsskard sokneråd

SURNADAL

"Søndagsskole på laurdag"

startar oppatt på Kyrkjelydshuset på Skei 15. sept. kl.11.00 - 12.00. Vi samlast annankvar laurdag. Alle barn er velkomne!

Misjonsmesse

for Normisjon laurdag 22. september på Kyrkjelydshuset startar i 11-tida med sal av varer og mat, lotteri etc. I år er det Malimisjonær Astrid Breivold som har familiemøte kl. 13.00, der Jubilate syng, og ho er med på avslutningsmøte kl. 17.00, der også ekteparet Vedding frå Ålvundeidet deltek med song. Trekning av hovedlotteriet.

Basar

Soknerådet i Øye og Raneshøgda ønsker velkomen til basar på kyrkjelydshuset laurdag 29. september kl. 15.00.

Møter 2. - 4.oktober.

Petra Fremo taler på Eidet bedehus (kl. 19.30) disse kveldene. Misjonssambandet ønsker alle velkommen!

Møte ved Normisjon

i Kyrkjelydshuset søndag 14. oktober kl. 11.00.

Misjonssmessa 2007

Misjonssambandets messe blir også i år på Eidet bedehus, laurdag 20. oktober.

Opning kl. 13.00. Familiemøte kl. 16.00. Kretssek. Erling Trønnes deltek. Basarbord og sal av ulikt slag. NLM er takksame for all hjelp og støtte i samband med messa.

Bønnemøte i Kyrkjelydshuset kvar måndag kl. 20.00.

Kirkegårdsinnvielse og møte med nyprosten

26. september vil vi vigsle den nye kirkegården på Øye. Dette har blitt et flott anlegg, som nå er ferdig til å taes i bruk. Vigslingen vil skje i forbindelse med kveldssongen i **Øye kyrkje onsdag 26. september kl. 19:30**. Vår nye prost Gerd Anne Aarset vil foreta vigslingen. Etterpå inviteres det til kirkekaffe på kyrkjelydshuset. Der vil vi få anledning til å bli bedre kjent med vår nye prost. Vi håper flest mulig kan ta del i dette arrangementet og alle er hjertelig velkomne.

TEH

Trusopplæring på fjellet

Som ein viktig del av trusopplæringsprosjektet for Rindal, Surnadal og Stangvik prestegjeld vart det arrangert fire leirar for born i alder 1.-5. skuleklasse på Gråhaugen Fjellstue i Folldalen (Surnadal). 1. og 2. klasse fekk eindagsleir og resten tredagars leir med to overnattingar.

Kyrkjeverje Ingeborg Nordlund var leiar for alle leirane i samarbeid med 15 ungdomsleiarar og god innsats av ressursepersonar tilset i kyrkja og


boka», eit fargesystem for temaene. Elles var det daglege turar med bibelforteljing, natursti og fisketurar heilt opp på Slumpan. Alt var tilpassa dei forskjellige alderstrinn. Og borna var trygge og storkoste seg. Dei vart godt tekne vare på av alle dei flotte ungdomane, som ikkje var redde for å vera opne om si kristne tru. Opphaldet betydde også mykje for dei, og gav somme av dei større frimod i å ta eit klårt standpunkt og bekjenne trua si.

Det var mykje song og musikk og dei arrangerte eige leirorkester. Borna lærte både eldre og nye songar. Songen «Jesus, du er min aller beste venn» var ein song som gjekk igjen.

Ingeborg er svært glad for at alle leirane gjekk godt, utan uhell eller sjukdom av noko slag.

Men det var eit stort tap og ei stor sorg at diakon Anne Kari vart alvorleg sjuk og ikkje kunne vera med. Ho hadde vore prosjektleiar og drivkraft i planleggjinga av dette opplegget. Ved gravferda hennar vart minnegåva på over kr. 40.000 gitt til trusopplæringsprosjektet.

Det er meininga å ha slike leirar kvar sommar i to år til, som ein del av trusopplæringsprosjektet, eit prøveprosjekt for kyrkjens trusopplæringsreform, som skal evaluerast både lokalt og sentralt seinare. Dette lokale prosjektet går over tre år og har



Leirleiar Ingeborg Nordlund. Foto: Chris Duwe.

ein del frivillige medarbeidarar, som også var store ressursar, t.d. ein «bestefar», Lars Magnar, som var med heile tida, og Elsa, som gjorde mykje praktisk arbeid. Ingeborg kan ikkje rosa dei nok for den fine innsatsen, ikkje minst innsatsen til ungdomane på 15-22 år, som også laga mat og gjorde praktisk arbeid. Ho er også imponert over bibeltimeldaren, Chris Duwe, frå Ungdom i Oppdrag, som var ein kjemperessurs. Dei hadde to undervisningsøktar kvar dag ut frå «Den ordløse



Foto: Chris Duwe.



Foto: Eivind Brandsæter Hvam.



Chris og Øystein. Foto: E.B. Hvam.

fått støtte på kr. 144.000.- + to gonger kr. 44.000.-. frå Opplysningsvesenets fond. Men det vil truleg bli innvilga enda meir pengar til prosjektet som også omfattar produksjon av ein DVD til alle heimar med born frå 6-10 år og invitasjon av alle born til kyrkjebesøk i si eiga kyrkje med omvising, oppleving og deltaking med litt



«kyrkjebrus» og bollar.

Prosjektet er også støtta av det lokale næringsliv, Amfisen-teret, Samvirket, Gjensidige forsikring m.fl.

Det er eit stort og dristig opplegg, men Ingeborg seier det er ei glede å få vera med.

ERE

Kyrkjeblad for Indre Nordmøre

Utgjevar:
**SOKNERÅDA PÅ
INDRE NORDMØRE**

REDAKTØR:
Einy Rendal Elgsæther
6645 Todalen
71 66 02 81
E-post: ole-einy@frisurf.no

REDAKSJONSSEKRETÆR:
Synnøve Bjørndal
E-post: synnove.bjorndal@rindal.kommune.no

BLADPENGAR:
Frivillig kontingent
Kyrkjeblad for Indre Nordmøre
Kontor Service A/S
Postboks 72
6630 Tingvoll
Bankgironr.: 4050 40 46232

SATS/REPRO/EKSP.:
ASPLI Grafiske
71 66 50 80
Fax 71 66 50 81
E-post: post@aspli.no
6657 Rindal

TRYKK:
Wennbergs Trykkeri AS
72 88 98 00
7075 Tiller